
SLT

Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak

Kristine Akselberg
SLT-koordinator og leiar for ungdomsavdelinga i Voss herad



«Det er ikkje sikkert eg held alle grensene, men eg høyrer på dei og dei betyr noko for vala eg tek.»

Gut 16 år

Råd **til ungdomsforeldre**

1. Snakk med ungdomen din

Ha samtalar om konsekvensar av å nytta rusmidlar, slik at det er lettare for dei å ta gode val.

2. Våg å vera kjip – set grenser

Ungdomar som veks opp i familiar med klare reglar, drikk mindre og er meir forsiktig.

3. Ikkje gje barnet ditt alkohol

Tenåringar som får alkohol av foreldra sine, drikk ikkje mindre.Tvert imot kjem det i tillegg til alkoholen dei sjølv får tak i.

4. Snakk med andre foreldre

«Alle andre» får sannsynlegvis ikkje lov. Avtal felles reglar med andre foreldre.

5. Ver tilgjengeleg – følg med og følg opp

Avtal innetid og tilby å køyre og hente. Ver tydeleg på at ungdomen kan ringja dersom noko skulle skje.

6. Politiet på Voss seier fylgjande:

- Lovverket seier at barn under 15 år ikkje skal opphalda seg på offentleg stad utan vaksne etter kl.22.(Politilova §13 2.ledd)
- Ungdom 15-18 år bør ikkje opphalda seg på offentleg stad utan vaksne etter kl.24.
- Barn i barneskulealder bør ikkje opphalda seg på offentleg stad utan vaksne etter kl.20.

SLT
Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak

Gode råd til deg med ungdom på hybel

Ver tydeleg – lag avtalar og set grenser

Ungdom som bur på hybel treng tydelege vaksne og klare forventningar.

Lag tydlege reglar for: • Innetider og besøk på hybelen • Alkohol og andre rusmiddel • Kva gjer de dersom noko uventa skjer

Oppmod ungdomen til å koma heim i helger

SLT opplever at ungdom som bur på hybel ofte kan utfordra grenser då dei ikkje har føresette i nærleiken. Me anbefalar at hybelungdom reiser heim i helger fyrste skuleåret.

Skaff deg eit vaksennettverk på Voss

Me oppmodar føresette om å oppretta kontakt med hybelvert og andre ungdomsforeldre.

Ver tilgjengeleg – følg med og følg opp

Sjølv om ungdomen din har flytta på hybel, har du framleis ansvar som forelder og er den viktigaste i ungdomen sitt liv.

Kven kan du kontakta på Voss?

Dersom du, eller ungdomen sjølv, treng råd, støtte eller hjelp, finn de informasjon om støttetenestene her:

voss.herad.no - Er du uroa for eit barn eller ein ungdom?

Ta kontakt, det finst hjelp å få.

SLT
Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak